DET KONGELEGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Ifølgje liste

| Dykkar ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| | 24/1688- | 28. juni 2024 |

## Ny universitets- og høyskoleforskrift

Kunnskapsdepartementet har i dag fastsett ny forskrift til universitets- og høgskolelova (universitets- og høgskoleforskrifta). Denne vil ta til å gjelde 1. august 2024, samtidig med den nye universitets- og høgskolelova. Vi viser til informasjonsbrevet 11. mars 2024 om den nye lova.

Universitets- og høgskoleforskrifta er ei av tre i ny struktur for forskrifter til universitets- og høgskolelova. Departementet vil, som orientert om i høyringsbrevet, samle regelverket i tre forskrifter:

- Forskrift om opptak til høgare utdanning
- Forskrift om generell godkjenning av utenlandsk høyere utdanning (ny frå 1.8.2024)
- Forskrift til universitets- og høgskolelova (ny frå 1.8.2024, vedlagd. Blir tilgjengeleg på lovdata.no med det første)

*Vidare arbeid*
Denne nye forskrifta vil erstatte ei rekke noverande forskrifter, sjå forskrifta § 13-5. Etter kvart vil fleire forskrifter bli revidert og tatt inn i denne nye, og til dess har forskrifta to tomme kapittel (1 og 2). Nokre forskrifter vil derfor bli vidareførde inntil vidare:

a. Forskrift 1. januar 2010 nr. 96 om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning
b. Forskrift 7. februar 2017 nr. 137 om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskriften). (Fastsett av NOKUT)
c. Forskrift 16. desember 2005 nr. 1574 om grader og yrkesutdanninger, beskyttet tittel og normert studietid ved universiteter og høyskoler
d. Forskrift 1. desember 2005 nr. 1392 om krav til mastergrad


| Postadresse | Kontoradresse | Telefon* | Avdeling | Saksbehandlar |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 8119 Dep | Kirkeg. 18 | 22 24 90 90 | Juridisk avdeling | Kari Bjørke |
| 0032 Oslo | | Org.nr. | | 22 24 75 56 |
| postmottak@kd.dep.no | www.kd.dep.no | 872 417 842 | | |

e. Forskrift 21. desember 2018 om godkjenning av norsk og utenlandsk høyere utdanning og av realkompetanse
f. Forskrift 24. mars 2015 nr. 341 om ansettelse på innstegsvilkår.

Vi minner elles om høyringa om endringar i studiekvalitets- og studietilsynsforskrifta – nye krav for institusjonsakkreditering og kvalitetsarbeid.

Universitets- og høgskoleforskrifta kapittel 4 om eigenbetaling er vidareføring av dagens forskrift frå 2005. Reglane i kapittelet vil bli gjennomgått av departementet.

*Særskilt om kapittel 3 om undervisnings- og forskingsstillingar og rekrutteringsstillingar*

Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir) gjennomførde i vår ei høyring av nye reglar for undervisnings- og forskingsstillingar og rekrutteringsstillingar i universitets- og høgskulesektoren. I ei pressemelding frå 26. juni orienterte departementet om si avgjerd på dette området.

HK-dir har ansvaret for forvaltning av ei rekkje forskrifter, og mellom anna regelverket for undervisnings- og forskingsstillingar og rekrutteringsstillingar. HK-dir vil, som orientert om i høyringa, utarbeide ein eigen rettleiar til dette kapittelet.

Forslag til revisjon av regelverket om innstegsstillingar og innlemming i den nye forskrifta vil bli sendt på eiga høyring. Dagens forskrift blir derfor vidareført inntil vidare.

Når det gjeld det nye kravet om norskopplæring av stipendiatar og postdoktorar vil Kunnskapsdepartementet, etter at det er vunne erfaring med rekruttering etter dei nye reglane, vurdere om det er behov for ei søknadsbasert unntaksordning. Ei slik unntaksordning vil i så fall bli avgrensa til fagmiljø som kan dokumentere at samfunnet har eit særleg rekrutteringsbehov som ikkje kan dekkjast av kompetente søkjarar når det vert stilt krav om norskopplæring.

Vidare har departementet fastsett overgangsreglar for kapittel 3, sjå § 13-2. Etter § 13-2 kan tilsettingar og opprykk som blir vedtekne før 1. august 2025, følgje det tidlegare regelverket. Dette gir institusjonane noko tid til å tilpasse seg nytt regelverk, først og fremst for utlysingar/prosessar som er starta opp basert på reglane slik dei er i dag. Utlysingar av nye stillingar etter at nytt regelverk trer i kraft 1. august 2024, bør skje etter nytt regelverk.

Institusjonane vil kunne vidareføre eksisterande retningslinjer og praksis, så langt dei ikkje er i motstrid til lov eller forskrift. Det vil mellom anna seie at lengda på åremålsstillingar i

arbeidsavtalar inngått frå 1. august 2024 må vere i samsvar med reglane i ny universitets- og høgskolelov. gjeld ikkje dei Dei nye reglane gjeld ikkje for arbeidsavtalar som er inngått før 1. august 2024.

Med helsing

Lars Vasbotten (e.f.)
avdelingsdirektør

Kari Bjørke
fagdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Vedlegg: Ny universitets- og høgskoleforskrift

Kopi

Helse Midt-Norge RHF
Helse Nord
Helse Sør-Øst RHF
Helse Vest RHF

Adresseliste

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ansgar Teologiske Høgskole | Fredrik Fransons vei 4 | 4635 | KRISTIANSAND S |
| Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo | Postboks 6768 St. Olavs plass | 0130 | OSLO |
| Atlantis Medisinske Høgskole | Postboks 4290 Nydalen | 0402 | OSLO |
| Barratt Due musikkinstitutt | Postboks 5344 Majorstuen | 0304 | OSLO |
| Bergen Arkitekthøgskole | Postboks 39 | 5841 | BERGEN |
| Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning | Thrond Nergaards veg 7 | 7044 | TRONDHEIM |
| Fjellhaug Internasjonale Høgskole | Sinsenvn. 15 | 0572 | OSLO |
| Handelshøyskolen BI | | 0442 | OSLO |
| Høgskolen i Innlandet | Postboks 400 | 2418 | ELVERUM |
| Høgskolen i Molde vitenskapelig høgskole i logistikk | Postboks 2110 | 6402 | MOLDE |
| Høgskolen i Østfold | | 1757 | HALDEN |
| Høgskulen for grøn utvikling | Arne Garborgsvei 22 | 4340 | BRYNE |
| Høgskulen i Volda | Postboks 500 | 6101 | VOLDA |
| Høgskulen på Vestlandet | Postboks 7030 | 5020 | BERGEN |
| Høyskolen for Dansekunst | Marstrandgata 8 | 0566 | OSLO |
| Høyskolen for Ledelse og Teologi | Micheletsvei 62 | 1368 | STABEKK |
| Høyskolen for yrkesfag AS | | | |
| Høyskolen Kristiania | | | |
| Kunsthøgskolen i Oslo | Postboks 6853 St Olavsplass | 0130 | OSLO |
| Lillehammer Institute of Music Production Industries | | | |
| Lovisenberg diakonale høgskole | Lovisenberggaten 15 B | 0456 | OSLO |
| MF vitenskapelig høyskole for teologi religion og samfunn | Postboks 5144 Majorstua | 0302 | OSLO |
| NLA Høgskolen | Postboks 74 | 5812 | BERGEN |

| | | | |
|---|---|---|---|
| Nord universitet | Postboks 1490 | 8049 | BODØ |
| Nordland kunst- og filmfagskole | Boks 49 | 8309 | KABELVÅG |
| Norges Handelshøyskole | Helleveien 30 | 5045 | BERGEN |
| Norges idrettshøgskole | Postboks 4014 Ullevål Stadion | 0806 | OSLO |
| Norges miljø- og biovitenskapelige universitet | Postboks 5003 | 1432 | ÅS |
| Norges musikkhøgskole | Postboks 5190 Majorstua | 0302 | OSLO |
| Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet | | 7491 | TRONDHEIM |
| Noroff høyskole | Postboks 2544 | 4678 | KRISTIANSAND |
| Norsk barnebokinstitutt | Postboks 2674 Solli | 0203 | OSLO |
| Norsk Gestaltinstitutt AS Høgskole | Kjørbokollen 30 | 1337 | SANDVIKA |
| NSKI Høyskole | | | |
| Oslo nye Høyskole | | | |
| OsloMet – storbyuniversitetet | | | |
| Samisk høgskole | Hánnoluohkká 45 | 9520 | KAUTOKEINO |
| Skrivekunstakademiet | Georgernes Verft | 5011 | BERGEN |
| Steinerhøyskolen | Professor Dahls gate 30 | 0260 | OSLO |
| Universitetet i Agder | Serviceboks 422 | 4604 | KRISTIANSAND S |
| Universitetet i Bergen | Postboks 7800 | 5020 | BERGEN |
| Universitetet i Oslo | Postboks 1072 Blindern | 0316 | OSLO |
| Universitetet i Stavanger | | 4036 | STAVANGER |
| Universitetet i Sørøst-Norge | Postboks 235 | 3603 | KONGSBERG |
| Universitetet i Tromsø – Norges arktiske universitet | | 9019 | TROMSØ |
| VID vitenskapelige høgskole | Postboks 184 Vinderen | 0319 | OSLO |